

Referat frå årsmøtet i Rasdalen grendalag 01.04.10

Til stades : 17

Årsmelding

Leiaren las årsmeldinga.

Etter nokre få kommentarar vart årsmeldinga så godkjent.

Rekneskap

Kasserar gjekk gjennom rekneskapen.

Saldo per 31.12.09 var 22.479,61 kr.

Det kom spørsmål om forsikringspremien for grendahuset, kasserar undersøker og får tilbod hjå andre forsikringsselskap. Det var også semje om å heva innbuforsikringa til iallfall 150.000 kr.

Rekneskapen vart så godkjent.

Val

Ingen av medlemmene i styret har signalisert at dei vil skiftast ut.

Valkomitéen kom eller ikkje med framlegg til nye kandidatar, og det kom heller ikkje benkeframlegg. Til neste år er det Jan Rasdal og Frøydis Eide som står på val.

Styret vart attvald med akklamasjon.

Når det gjeld valnemda, står no Jan Olav Larsen på val for 2 år, Geir Rasdal for 1 år.

Innmelde saker :

Nye satsar for **medlemskontingent** i grendalaget :

Husstand : 300 kr

Hovudmedlem + eit familiemedlem : 200 kr

Familiemedlem : 150 kr

Framlegget frå styret vart godkjent av årsmøtet.

Utleigesatsar for grendahuset

Styret kom med framlegg på styremøtet i oktober 09 at ein kunne ha to satsar for utleige : 200 kr for møte og 500 kr for arrangement.

På årsmøtet kom det innspel om at ein i tillegg burde ha andre og fleire satsar når det gjeld folk "utanfrå" – i ulikt antal - som vil leiga grendahuset.

Det vart då bestemt at styret bestemmer utleigesatsar på styremøtet i mai. Desse satsane kjem då opp på årsmøtet i 2011.

Sommarfesten 2010 vert arrangert laurdag 7.august.

I komitéen er Frøydis Eide, Ingfrid Rasdal og Knut Janson.

Det vert opplegg med koldtbord i år også.

Det vert **ikkje dugnad** pinseaftan (22.05.) p.g.a. av eit arrangement på grendahuset. Men det kan verta aktuelt med diverse arbeid seinare i sesongen, dette vert teke opp på styremøte i mai.

Arbeidsområde for grendahuset vidare (ikkje prioritert):

Inngangspartiet nede

Pussa opp rommet i 3.etasje, slik at det kan nyttast til overnatting

Golv i salen nede

Trappa utanom inngangsdøra oppe

Påskerenn og basar påskeaftan 03.04.10

Geir Rasdal er ansvarleg for påskerennet, og i basarnemda er Arne Unneland, Frode Tufte, Ingfrid Rasdal og Geir Tyssealand.

Parkering i Rasdalen

Denne saka vart lufta og diskutert på årsmøtet. Saka vart fremja fordi det ikkje er parkeringsplassar nok, og såleis vert det også parkert i vegkanten/tett i vegen. Dette er til hinder for brøyting og tungtransport, og spesielt i vinter har slik parkering vore eit problem p.g.a. all snøen.

Det vart ikkje gjort noko vedtak på årsmøtet, men det vart oppmoda om at folk i dalen tek initiativ og arbeider for at alle kan få ei skikkeleg parkering. Det har i dei siste åra vorte opparbeidd fleire parkeringsplassar, og det skulle vera ein føremon for alle partar at det vert ei ordning når det gjeld parkering her i dalføret.

Når det gjeld brøyting av parkeringsplassar, kan det vera aktuelt at grendalaget og søker kommunen om det, på grunnlag av at det no er innført eigedomsskatt.

Til orientering :

Styremøte i grendalaget vert fredag 14.mai 2010 kl.19.00

Masfjordnes 05.04.10

Terje Rasdal
referent